



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

GRANVIN BARNE- OG UNGDOMSSKULE



TEMA:

**Klasseleiing, med fokus på relasjonar i høve lærar/elev,
elev/elev og heim/skule.**

31.10 – 3.11.2011

Rektor: Rigmor Hanssen

Adresse: 5733 Granvin

e-post: E-post: rigmor.hanssen@granvin.kommune.no



Innholdsliste:

1. Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



1 - Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurdert etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.



Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr. år. To frå gruppa (eit vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet; "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil seie kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen. Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Skulevurdering



2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Skuleåret 2011/2012 har Granvin barne- og ungdomsskule 109 elevar. Skulen er fulldelt, og det er einaste skulen i kommunen. Skulen ligg i sentrum, og har symjebasseng og idrettsbane knytt til anlegget. Skulen er bygd i 1972 og påbygd i 1995.

Det er i år 27 tilsette ved skulen. Av desse er det 21 lærarar (inkludert rektor og inspektør), 4 assistentar/fagarbeidarar, 1 data-ansvarleg og 1 lærling.

Det er SFO ved skulen, og totalt 8 elevar nyttar seg av tilbodet i år. SFO er ope alle skuledagar frå 14.30 til 16.00 og onsdagar frå 08.00-16.00. SFO tilbyr leksehjelp måndagar og torsdagar mellom 14.30 og 15.30. 11 elevar nyttar seg av dette tilbodet. Åshild Velken er SFO-leiar.

Jannicke Ophaug er rådgjevar og sosiallærer ved skulen.

Spesialpedagogisk team: Marit Spildo og Herborg Sangnæs Kvamme.

Vurderingstema skulen har valt:

Klasseleiing; med fokus på relasjonar i høve lærar/elev, elev/elev og heim/skule.

Bakgrunnen for at skulen valde dette temaet, er at dei i verksemdsplanen for 2011-2012 har læringsmiljø og sosial kompetanse som eit av hovudfokusa.

Sosial kompetanse er ei overordna form for kompetanse som involverer både kognitive, kommunikative, emosjonelle og sansemotoriske aspekt ved individet si utvikling. I den generelle delen av LK-06 står det vidare at




"skolens arbeidsfellesskap skal utnyttas for å utvikle elevenes sosiale ferdigheter" (LK-06 s. 16). Utvikling av sosial kompetanse er såleis eit viktig bidrag i høve til å realisera målsetjingane i den generelle delen av LK-06.

Sett frå denne vinkelen blei det viktig for skulen å finne ut kva det er som skjer i relasjonen mellom elev og lærar i klasserommet, mellom dei ulike vaksengruppene i skulen og mellom heimen og skulen.

Thomas Nordahl legg i si forskning vekt på læraren si evne til å utvikle positive relasjonar med kvar enkelt elev, i tillegg til positive relasjonar og kultur for læring blant elevane. Desse to faktorane meiner han er to av fem hovudfaktorar i eit utviklingsfremjande læringsmiljø.

<http://www.udir.no/Laringsmiljo/Viktige-faktorer-for-et-godt-laringsmiljo/>

3 – Vurdering



4 - Glansbilde

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.



Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.

Tema: Klasseleiing; med fokus på relasjonar i høve lærar/elev, elev/elev og heim/skule.

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">-skulen kartlegg og føl jamleg opp det psykososiale miljøet-skulen har utarbeidd ein mobbeplan-skulen set av tid til å arbeide med trivselstiltak-skulen har utarbeidd felles orden- og åtferdsreglar-skulen drøftar og har ei felles forståing for kva som skal til for å bygge gode relasjonar mellom individ på ein arbeidsplass-leiinga legg til rette for at det kan byggast gode relasjonar i personalgruppa-elevane og dei tilsette opplever at dei har høve til medverknad i skulemiljøet
Personalet er tydelege og trygge leiarar	<ul style="list-style-type: none">-dei vaksne brukar bevisst blikk-kontakt, stemmebruk, er imøtekommande og viser positivt kroppsspråk-den vaksne ser og anerkjenner den enkelte-dei vaksne gir elevane ei kjensle av meistring-den vaksne uttrykkjer forventningar til eleven og oppmuntrar til læring-den vaksne er konsekvent og held det han/ho lovar-den vaksne har oversikt over kva som skjer i klassen og ute i friminutt



Elevane opplever eit læringsmiljø prega av emosjonell støtte	<ul style="list-style-type: none">-elevane opplever at dei får ros og oppmuntring i skulekvardagen sin-elevane opplever å bli sett av vaksne og medelevar-elevane er trygge og har vener på skulen-det er ein positiv tone mellom elevar, og mellom elevar og dei vaksne-elevane lærer å vise respekt ved sjølv å bli vist respekt-elevane får ros for god orden og rett åtferd-elevane lærer å gje positiv tilbakemelding til kvarandre-elevane opplever at dei vaksne ser dei når dei har det vanskeleg og gir dei litt «pusterom»- elevane opplever vaksne som held det dei lovar
Dei føresette opplever at heim-skulesamarbeidet er prega av openheit, tryggleik og tillit	<ul style="list-style-type: none">-dei snakkar positivt heime om skulen-det er låg terskel for kontakt begge vegar-heimen samtalar med borna om skuledagen



5- Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet



Skulen er ein lærande organisasjon

- skulen kartlegg og føl jamleg opp det psykososiale miljøet

§ 9a-3. Det psykososiale miljøet; «Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.»

Administrasjonen ved Granvin barne- og ungdomsskule forpliktar seg på å gjera personalet kjend med Opplæringslova sin § 9a, og å etablera prosedyrar for å melda avvik etter § 9a. (jfr. Verksemdsplanen for skulen 2011/-12) Undersøkinga vår stadfestar at skulen årleg gjennomfører



«Elevundersøkelsen» på 7. og 10.klassesteget, men dei vil vurdera om det er aktuelt å køyra undersøkinga for andre klassar og for foreldre/ føresette.

Kontaktlærarane har elevsamtalar med enkeltelevar for å fylgje opp resultatata som ei slik undersøking avdekker.

- *skulen har utarbeidd ein mobbeplan*

Granvin barne- og ungdomsskule har nulltoleranse for mobbing og har utarbeidd ein «Handlingsplan mot mobbing» som absolutt kan seiast å vere aktiv. Planen ligg tilgjengeleg for alle på den digitale læringsplattforma itslearning. Når eit skuleår startar opp, blir det halde eit møte for dei føresette der mobbing er eit tema som vert diskutert, og kvar vår gjennomfører alle klassane ei trivselsundersøking som ein del av det førebyggjande arbeidet for ein mobbefri skule. Hausten 2011 vil skulen i tillegg gjennomføra ei lokal mobbeundersøking for første gong.

Skulen har utarbeidd eit «Manifest mot mobbing» som kvart år blir gjennomgått med personalet, elevrådet og FAU. Deretter blir det signert, også av ordføraren i kommunen. Dette manifestet er ramma inn og heng godt synleg i alle klasseromma, ei tydeleg påminning til elevane kvar dag.

I veke 36 deltok skulen i den nasjonale satsinga mot mobbing. Der var fokuset i år sett på digital mobbing som vi veit er eit aukande problem og ein utfordring, på skulen som på fritida.

- *skulen har utarbeidd felles orden- og åtferdsreglar*

Det er både tydeleg og svært synleg at orden og åtferd er eit satsingsområde på skulen i Granvin dette skuleåret. Gjennom heile året skal dei ha ei ordenskampanje gåande mellom elevar og tilsette. Dette er det rektor og reinhaldarane i fellesskap som har tatt initiativet til. I kvart klasserom heng fine plakatar med 12 reglar dei har bestemt skal fylgjast.



- *skulen set av tid til å arbeide med trivselstiltak*

Det vert sett av relativt mykje tid til aktivitetar som er trivselsfremjande på denne skulen. Rundt i alle korridorar heng ein flott plakat med overskrifta: «Slik vil me ha det på Granvin barne- og ungdomsskule» Hovudbodskapen på denne er trivsel, at ein skal vise omsorg for kvarandre og bry seg om kvarandre.

Fadderordninga er ei ordning der elevane skal vise omsorg og bry seg om andre elevar. Det er eit fast opplegg det er eigen plan for. Det er viktig for dei yngste elevane å ha nokon som er eldre og trygge å støtte seg til.

Elevrådet arrangerer elevkveldar, dei har felles songstunder på 1. – 4. steget fire gonger for året, det vert arrangert felles fjellturar både med og utan ski, skulejogg, foreldre arrangerer spelekveldar og dei har felles regelleikar/ barnekulturleikar. Årleg har dei felles måltid før høgtider; som påskelunsj og julegraut, og elevrådet arrangerer juleball for dei eldste elevane.

Rikskonsertar og arrangement i samband med Den kulturelle skulesekken går jamleg utover året, og skulen legg opp til felles temaarbeid der ein har invitert bygdefolket til framsyning. Dette er limet som bind skulen tettare saman med dei som bur i bygda elles.

På Granvin barne- og ungdomsskule har dei og eit opplegg for fysisk aktivitet kvar dag som involverer alle elevane. Det inneber uteaktivitetar så lenge det er mogeleg utover hausten.

Ungdomsstega har vasskokar, kan vera inne i friminutta, dei får avis, dei kan spele bordtennis og biljard i gangen og gymsalen er open i storefri kvar dag for trening. Dei gjennomfører ein volleyballturnering kvar vinter. Ein gong for veka driv dei kiosk for alle på skulen.

Fo dei vaksne er det og mange trivselstiltak, både i form av ulike fellesturar, kurs med overnatting, bursdagsfeiringar og julekalender.

Ein annan viktig trivselsfaktor er den nye kaffimaskina som gjer at personalet slepp kaffi- og telaginga før kvar lunsjpause. Det frigjer dei slik at dei i staden kan bruke tida på arbeid relatert til elevar.



- *leiinga legg til rette for at det kan byggast gode relasjonar i personalgruppa*

Personalet seier i undersøkinga vår at dei trivst på jobben. Dei føler leiinga kjem dei i møte og gir dei gode tilbakemeldingar. Rektor får god tilbakemelding både frå dei tilsette og frå foreldra i høve til at ho gir anerkjenning for godt utført arbeid, og at ho er nærværande i kvardagen.

Samarbeidet på «laga» verkar å vera godt; observasjonar me gjorde viste at det var stor samanheng mellom dei ulike klasseromma på småskuletrinnet, og at stasjonsundervisninga som blir drive der krev godt samarbeid og tette relasjonar.

Organisasjonsundersøkinga som blei gjennomført i haust viste at leiinga er godt involvert i arbeidet som den enkelte lærar planlegg i sine fag. Det ikkje kultur på skulen for at ein som lærar går hen og gjer det han vil.

Ein av påstandane i analysen lyder slik: «Betring i høve til skulen sin undervisningspraksis krev så mykje samarbeid mellom lærarane at dei sjeldan blir gjennomførte». Då svarer over 50 % at dei er usamde i dette. Dei som skal samarbeide tett må ha gode relasjonar til kvarandre for å lukkast.

Den same analysen fortel og at ca. 75 % av lærarane seier seg usamde i denne påstanden: «Dei fleste medarbeidarane ved denne skulen liker å gjere ting på same måten som før framfor å eksperimentere med nye måtar å gjere ting på.» Det er eit tal det er viktig å leggje merke til for ei leiing som ynskjer ein skule med utvikling og driv.

- *elevane og dei tilsette opplever at dei har høve til medverknad i skulemiljøet*

Dei fleste elevane som har svart på «Elevundersøkelsen» syns elevrådet gjer eit godt arbeid på skulen. Over 2/3 av elevane seier at dei ofte eller svært ofte får gjennomslag for forslaga sine. Dette viser at elevdemokratiet lever i beste velgåande på skulen i Granvin.

Heile 81 % svarer at «leiinga ved skulen viser omsyn til mine vurderingar når det vert sett i verk tiltak som påverkar arbeidet mitt». Dette viser at medbestemming er høgt verdsett og blir praktisert.



Dei tilsette fortel og at dei har stor medverknad. 90 % seier i «Organisasjonsanalysen» at «Leiinga ved skulen vår lyttar til konstruktiv tilbakemelding» og at dei i all hovudsak har stor medverknad på det som skal gjerast i skulemiljøet.

Personalet er tydelege og trygge leiarar

Stortingsmeldinga om Ungdomstrinnet som kom ut i april 2011 slår fast at det som kjenneteiknar god klasseleiing mellom anna er at læraren skal ha eit medvite forhold til relasjonen elev-lærar, det ligg i hans hender å ta ansvar for kvaliteten på denne relasjonen.(s.70). Det er læraren si oppgåve å etablere eit positivt klima og arbeidsro i klasserommet.

- *dei vaksne brukar bevisst blikk-kontakt, stemmebruk, er imøtekommande og viser positivt kroppsspråk*

Samtalane med elevane på alle klassesetrinn stadfestar at dei vaksne er imøtekommande, blide og positive for det meste. Observasjonane våre på dei ulike klasseromma har og fortalt oss at lærarane er tydelege leiarar som kjem til undervisninga godt førebudd. Dei ser elevane sine, går roleg ned og snakkar lågmælt til dei når dei treng hjelp og rettleiing. Tonen mellom elev og lærar er prega av tillit.

- *dei vaksne gir elevane ei kjensle av meistring*
- *den vaksne uttrykkjer forventningar til eleven og oppmuntrar til læring*

Det ser ut til at elevane blir gitt utfordringar dei har ein sjanse til å klare ved at lærarane gjev tydelege beskjedar og instruksjonar. Lærarane veit å uttrykke kva dei forventar av elevane sine, dei får klare oppgåver med mål, eller dei jobbar etter målark med klare tidsfristar. Oppgåver som skal leverast på itslearning har og oftast tidsfristar, men med forlenga fristar for dei av elevane som treng meir tid.

I Stortingsmeldinga om ungdomstrinnet kan me lese dette: «Lærarar er utruleg viktige motivasjonskjelder!» Signert av ein elev, s. 69.



Under klasseromsobservasjonane opplevde me mange flotte kommentarar nettopp i høve til forventningar. Oppmuntrande ord mangla heller ikkje, og me såg særst få elevar som ikkje jobba engasjert med den oppgåva han/ho var sett til å utføre.

- *den vaksne er konsekvent og held det han/ho lovar*
- *den vaksne har oversikt over kva som skjer i klassen*

Dei tilsette på skulen fortel at dei prøver ikkje å love elevane meir enn dei kan halde. Elevane stadfestar at lærarane deira stort sett er flinke, men at dei av og til gløymer seg. Då får dei som regel gjennomført det som er lova litt forseinka. Men som elevane uttrykkjer det: «Det er menneskeleg å gløyme av og til.»

Elevane har elles ei sterk kjensle av at dei vaksne ser det aller meste av det som går føre seg i klasserommet. Klassane på Granvin barne- og ungdomsskule er små og oversiktlege, og ofte er det to vaksne i rommet. Dette gjev lite rom for handling av negativ karakter.

Elevane opplever eit læringsmiljø prega av emosjonell støtte

I fylgje utdanningsdirektoratet er det fem grunnleggjande forhold når ein arbeider med å utvikla og å oppretthalda godt læringsmiljø i skulen:

1. Læraren si evne til å leie klassar gjennom ei undervisningsøkt
2. Læraren si evne til å utvikla positive relasjonar med kvar enkelt elev
3. Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
4. Godt samarbeid mellom skule og heim
5. God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Kjelde: udir.no/Laringsmiljo/Viktige-faktorer-for-et-godt-laringsmiljo/



- *elevane opplever at dei får ros og oppmuntring i skulekvardagen sin*

Gjennom intervju av lærarar, assistentar og elevar kom det fram at dei vaksne var opptekne av å aktivt bruka positive kommentarar. Dei gjev konkrete tilbakemeldingar på kva elevane gjer bra. Personalet brukte superlativer som t.d. «Flott! Supert! Jippi!» Og; «No var du flink!» Dei prøver og å gje ros i høve til det elevane får til. Lærarane nemnde og veketestane som oppmoding til læring. Der finn elevane konkrete mål og stadfesting på at dei har nådd måla. Lærarane trur og at dei kan ha meir fokus på å omtala undervisinga og aktivitetar som *læring* og å fokusera på at *dei lærer seg*: «Me kan visa dei måtar, hjelpa og støtta». «Stasjonsundervisning gjev gode høve til å nå den einskilde og til å skapa relasjonar mellom elevar og mellom elevar og lærarar.»

Observasjon gjort av vurderarane stadfesta utsegna deira, og det teikna seg eit tydeleg bilete av ein skule som er raus med små positive kommentarar og oppmuntringar til elevane sitt arbeid. I individuelt arbeid er læraren eller assistenten stadig bortom, set seg på huk, tek på eleven, ser på han/henne, smiler, gjev støtte og rettleiar. Lærarane på Granvin skule er altså opptekne av ein «ros-kultur» som er særskilt mykje vektlagt blant forskarar og fagfolk:

«Det er viktig at skolene utvikler en ros-kultur og at de voksne går foran som gode rollemodeller ved å bruke ros aktivt. Når ros og positiv oppmerksomhet blir brukt for å støtte elever i å mestre nye ferdigheter og atferd blir de fleste elever motivert til å fortsette å anvende ferdighetene.»

Kjelde: Hanne Jahnsen, Lillegården kompetansesenter 2007

Eit godt eksempel på dette er eit eksperiment gjort av ein professor ved Harvard, Robert Rosenthal – som han kalla «Pygmalion in the classroom» der alle elevane var gjennom ein intelligenstest. 20 prosent av elevane vart tilfeldig plukka ut – utan omsyn til resultatet – og presentert for lærarane som elvar med usedvanleg potensial for intellektuell utvikling. Etter 8 månader vart det gjort ein ny test. Det viste seg då at dei 20 prosentane hadde hatt ein mykje større forbetring av resultatata enn dei andre. Lærarane skildra desse borna som lukkelege, meir nysgjerrige enn gjennomsnittet, og med større sjanse til å lukkast seinare i livet. Studiet konkluderte med at lærarar si haldning og forventningar til elevane har stor innverknad på den



faglege utviklinga. Rosenthal meiner sjølv at klangen i stemma, ansiktsuttrykk, berøring og kroppshaldning er nokre av midla me umedvite brukar i formidling av forventningar til borna.

Kjelde:

http://fcis.oise.utoronto.ca/~daniel_schugurensky/assignment1/1968rosenja_cob.html

- *elevane får ros for god orden og rett åtferd*

Skulen har sett gang ein kampanje med fokus på orden i klasserom og gangar. Reinholdarane teiknar smilefjes på tavla, og klassane blir premierte for god orden. Dette tiltaket har fungert godt, dei fekk alle premie med felles mat-servering, og orden i klasseromma skapa betre trivnad. Lærarane seier at dei prøver å leggja vekt på å rosa rett åtferd og å ignorera til ein viss grad det motsette, så sant det ikkje har gått ut over andre elevar.

- *elevane opplever å bli sett av vaksne og medelevar*

Granvin skule har 109 elevar. Fordelen med det er at det er små og oversiktelege klassar og dei fleste kjenner kvarandre, både lærarar og elevar. Elevane seier blant anna at:

«Ja, dei vaksne snakkar til oss, helsar og smiler når eg møter dei.»

«Me føler at me blir sett og alle får svara i timane.»

Elevane gjev og uttrykk for at miljøet blant medelevane er støttande, sitat:

«Når eg dett så spør dei om det gjekk fint.»

«Viss eg blir lei meg for noko, så spør dei kva det er.»

«Viss nokon har sparka meg då kjem venene mine og spør om det går bra.»

«Viss eg har vondt, hjelper dei meg.»

«Alle i vår klasse bryr seg, sjølv dei eg ikkje er med heile tida.»

- *elevane er trygge og har vener på skulen*

Sjølv om ikkje alle på skulen er nære vener, så gjev elevane uttrykk for at dei har nokre gode vener som dei er saman med, og at dei er trygge på skulen. Dei nemner vener og omsorg frå dei vaksne som dei viktigaste faktorane for å kjenna seg trygg. Andre tryggleiksfaktorar er at dei vaksne er greie, positive, at det går an å snakke med dei: «At me tør å seie ifrå når det er

Granvin barne- og ungdomsskule

31.10-3.11.2011



noko og at dei ikkje er for strenge». Helsesøster vart nemnt som ein viktig person som dei kunne prate med: «Du kan du sei ting til ho som du ikkje vil eller tør sei til andre.»

- *det er ein positiv tone mellom elevar, og mellom elevar og dei vaksne*

Då me spurde om det var ein god tone mellom dei vaksne og elevane fekk me positive svar:

«Bra kontakt, me kan tulle utan at ein blir fornærma.»

«God tone.»

«Det er individuelt. Dei fleste har godt humør. Me merkar når dei ikkje har ein god dag.»

«Det er veldig greitt at dei er ulike og har sine kvalitetar. Bra at me kjenner dei veldig godt.»

Den siste meldinga til Stortinget om ungdomstrinnet (pr. 29.04.11) slår fast dette: «Forskning viser at eit godt forhold til medelevar spelar ei kritisk rolle for den mentale helsa til ungdom». (s.17)

- *elevane lærer å vise respekt ved sjølv å bli vist respekt*
- *elevane lærer å gje positiv tilbakemelding til kvarandre*

Det er mykje skrive og sagt om mangelen på respekt mellom lærarar og born og unge i dagens skule. Etter denne veka ved Granvin skule er det absolutt ikkje eit intrykk som me sit att med. Me møtte små og store som hadde respektfulle ytringar -til og med når dei omtala noko som var negativt. Me høyrde ingen ufin språkføring verken mellom elevane eller retta mot dei vaksne.

På spørsmål til elevane om korleis dei respekterte dei vaksne, svara dei m.a.:

«Eg lyder dei, er ikkje frekk i kjeften.»

«Eg lagar ikkje unødvendige diskusjonar.»

«Prøver å vera snill og ikkje seia stygge ord og sånt.»

«Eg har respekt for dei, eg lyttar på kva dei seier og er snill mot dei»

«Eg er stille og jobbar godt.»

«Me reiser oss opp og helsar når vi får ny lærar om dagen.»

På spørsmål om korleis dei respekterte medelevar, svara nokon:

«Viss det er ein time nokon skal snakke, må me vise folkeskikk og ikkje seie



noko.»

«Når ein elev les feil, skal ikkje me kommentere det.»

«Me skal ikkje rette på kvarandre når me les.

«Ikkje le.»

«Ein må vise at det ikkje er greitt når nokon tullar.»

«Er hyggelege med dei fleste, dei som er frekke er det ikkje like lett å vise respekt for.»

Lærarane respekterer elevane med å fylgja opp avtalar og halda lovnadar. Dei er og opptekne av å ta tak i og ordna opp i konflikhtar. Dei prøver å skapa og å oppretthalda gode relasjonar med godt humør, prata med elevane, veraause med kontakt og gje av seg sjølve. Dei brukar friminutt, pausar og kontortid til å hjelpa elevane. Samtidig respekterer elevane at lærarane har pause, dei bankar på og spør fint om hjelp.

Elevane kunne fortelje oss at dei fekk opplæring i å gje positive og konstruktive tilbakemeldingar til kvarandre på t.d. framføringar og presentasjonar av arbeid. Dette samsvarer med det lærarane sa. Døme på kommentarar elevane kunne gje kvarandre var:

«Det var interessant!»

«Bra layout, bra tillaga!»

«Du må gjere ditt beste, dette klarer du!»

«Imponerande!»

- *elevane opplever at dei vaksne ser dei når dei har det vanskeleg og gir dei litt «pusterom»*

På Granvin skule er det rom for å få litt ekstra omsorg og spesialbehandling viss det er behov for det. Vurderarane fekk dei same svara frå elevar og tilsette, dei får tilbod om å lufta seg eller ta ein tur ut. Elevar med spesielle behov får gå frå klasserommet med assistent og t.d. spela biljard. Dei kan ta seg ein tur til helsesøster. Nokon kan få sitja i klasserommet og ikkje gjera noko spesielt viss dei har det vanskeleg. I mange tilfelle blir det gjort avtalar med foreldra.

- *elevane opplever vaksne som held det dei lovar*

Stadige lovnadar og brotne lovnader kan skapa mistillit. Men det viser seg at



praksis på Granvin skule er å fylgje opp det ein har sagt. Elles prøver dei vaksne å ikkje lova for mykje. Vidare seier lærarane at dei sjølv sagt ikkje bryt lovnader medvite.

Dei føresette opplever at heim-skulesamarbeidet er prega av openheit, tryggleik og tillit

- *dei snakkar positivt heime om skulen*

Foreldra synest det er viktig at negative ting ikkje vert teke opp rundt matbordet. Dersom eit av borna deira fortel om andre elevar eller lærarar, må dei snakka åleine om det, med den det gjeld. Dei meiner og at det er viktig å snakka positivt om skulen, om lærarar og om læring.

- *det er låg terskel for kontakt begge vegar*

Terskelen er låg, foreldra kvir seg ikkje for å ta kontakt med skulen, og dei vert stadig inviterte med på aktivitetar. Kontakt er lett både via itslearning, telefon og mail.

- *heimen samtalar med borna om skuledagen*

Ein føresetnad for at foreldra skal kunna ta ansvar i opplæringa, er at dei har oversikt over kva som skjer på skulen. Foreldra seier at dei får god informasjon gjennom vekeplanar og itslearning no, slik at dei kan samtale med borna sine om konkrete ting som å spørje om prøvar, innleveringar og kulturelle innslag. Ikkje berre «korleis har du hatt det på skulen i dag.»



6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



REFLEKSTROLLET VIL OG GJERNE
BLI SETT!

Skulen er ein lærande organisasjon

- skulen har utarbeidd felles orden- og åtferdsreglar
- den vaksne har oversikt over kva som skjer ute i friminutt
- skulen drøftar og har ei felles forståing for kva som skal til for å bygge gode relasjonar mellom individ på ein arbeidsplass

Skulen har greie ordens- og åtferdsreglar, men utfordringa for dei tilsette ligg i å greie og handheve desse reglane på den same måten, med dei same sanksjonane. Det vert påpeika i personalgruppa at reglane er drøfta, at dei i utgangspunktet er einige, men i praksis viser det seg at ein slit fordi ein oppfattar situasjonar ulikt.

Elevane seier i intervjuet at dette stemmer, dei opplever lærarane som ulike på dette punktet. Men dei lærer dei vaksne å kjenne, dei veit kva for reglar som vert handheva når den eine eller den andre er i patruljevost. Elevane er rimeleg tydelege på at personalet har ein tendens til å klumpe seg saman i



staden for å observere kva det er som skjer. Dei vaksne er dessutan seine til å kome dersom noko hender ute i friminuttet, vert det sagt.

Leiinga ser desse problema og tenkjer ein kanskje må ta desse reglane opp med jamnare mellomrom, drøfte konkrete saker, korleis dei skal handterast av alle.

Ei anna sak er korleis ein skal føre merknader på orden/ åtferd. Mange klassar er no begynt å føre desse på itslearning. Nokon foreldre syns det kan bli mykje negativt fokus, dei forstår ikkje systemet og ynskjer betre forklaring på korleis informasjonen skal tolkast. Leiinga ved skulen er opptatt av at dersom itslearning skal brukast til dette, må det først både positive og negative merknader. Desse merknadene må ikkje få rive ned dei gode relasjonane det er mellom elevar og vaksne i skulemiljøet. Det er tydeleg at ein ved skulen ikkje er einig eller har drøfta dette bredt, sett alle konsekvensane. Det er med andre ord eit punkt som det må jobbast vidare med.

Fagarbeidarar og assistentar har ei anna rolle enn pedagogane på skulen. Dei er heile dagen i lag med ungane og har stor sjanse til å vere gode positive relasjonsbyggjarar. Dei er ofte dei første som kjem til staden når noko skjer ute. Den dialogen dei då har med eleven vil kunne bety mykje når det gjeld løysing av ein eventuell konflikt. Dei peikar på at dei ofte startar ein god samtale med ein elev, for så å måtte gå vidare til kontaktlærer med saka, slik dei føler rutiane er. På den måten blir dialogen broten på eit vis, i staden blir dei «sladrehandkar». Dei syns kanskje at dei i større grad kan brukast i konflikthandteringa i lag med kontaktlærer/ leiing dersom dei er førstehandsinformantar.

Tid i lag er ein viktig ressurs når ein skal byggje relasjonar. Granvin barne- og ungdomsskule er nok ein av får skular som blir drive utan kontorhjelp. Det er rektor og inspektør som deler dette arbeidet, noko som tar ein god del ekstra tid. Dette er dei ikkje nøgde med, dei ynskjer at meir av deira tid skal vere i lag med tilsette og elevar på skulen.

Assistentane tar og til orde for at dei kan tenkje seg å vere meir i lag med dei pedagogisk tilsette, dei ynskjer meir innsikt i den pedagogiske kvardagen. Deira viktige jobb er å rettleie og fylgje opp læringsarbeidet som pedagogen har starta opp med i lag med eleven. Dei manglar tid til samarbeid i sin arbeidsavtale. Dette er ikkje eit fenomen som berre gjeld i



Granvin, men god dialog dei vaksne i mellom og deling av informasjon på itslearning kan vere ei lita hjelp på vegen. Dessutan er det nok mogleg å finne lokale løysingar på problemet.

Elevane opplever eit læringsmiljø prega av emosjonell støtte

- *elevane opplever at dei får ros og oppmuntring i skulekvardagen sin*

Tidlegare i rapporten har me stadfesta at dei tilsette er medvitne på å bruka ros for å fremja læring. Det er likevel rom for å tenkja gjennom praksis, om alle får den oppmuntringa dei fortener og om dei som er mest sjølvstendige og flinke stundom blir gløymt. Elevar som vart intervjuja fortalde episodar som: «Når gutane gjer det bra, får dei meir skryt enn jentene.»

Og:

«Dei som alltid gjer det bra får berre ...Å ja....»

«Nokon timar er det dei same som svarer.»

«Viss ein ikkje har handa oppe blir ein litt gløymt.»

«Det er forskjell på jentene og gutane, tonen er skarpere overfor gutane. Dei blir fortare sendt ut».

Dei føresette opplever at heim-skulesamarbeidet er prega av openheit, tryggleik og tillit

- *dei føresette ser på utviklingssamtalane som viktige i arbeidet med å skape gode relasjonar mellom skulen og heimen*

Utviklingssamtalen vart av lærarane skildra som ein samtale der det er kontaktlærer som snakkar, fortel og les: «-litt einvegs til tider. Men føler og at foreldre ynskjer å høyre kva læraren har å seie. Er utfordrande å få fram det ein ynskjer å sei på ein god måte.»

Andre lærarar skildra samtalane som OK. Lærarane uttala at dei har bruka mykje tid på laga og vidareutvikla gode skjema som utgangspunkt til samtale og god dialog, men at tida spela inn. Minutta går fort ved slike høve.

Foreldra synest og at dei hadde for lita tid og nokon ville gjerne ha snakka litt med læraren utan eleven til stades. Sitat frå foreldremøtet:

«Ein halvtime er litt for kort tid.»



«Lite tid til å ta opp saker me gjerne skulle tatt opp»
«Det blir hektisk når det står nokon ute på gangen og ventar.»
«Det blir mykje oppramsing, referat frå andre lærarar»
Foreldregruppa påpeika og at det var vanskeleg å bruka nokre av dei vurderingsskjema som vart sende heim. Det kunne vera fordi eleven ikkje hadde trening nok i å vurdere seg sjølv, eller at det var vanskeleg for dei å vita kor på skalaen dei eigentleg høyrde heime.

Det er skulen si oppgåve å leggja til rette for eit godt foreldresamarbeid og aktiv foreldreinvolvering. Eit godt samarbeid mellom heim og skule styrkjer eleven sin motivasjon og læring. Alle foreldre ynskjer ei positiv utvikling for borna sine, og foreldre er viktige for barns læring.

I rundskriv «Udir-7-2010 Foreldresamarbeid i grunnskolen og videregående opplæring» heiter det at:

«Samtalene skal være planlagte og strukturerte, og skal for det første omhandle hvordan eleven arbeider daglig, og for det andre gjøre greie for hvordan eleven står i forhold til kompetansemålene i læreplanene for fag. Videre skal også samtalene omhandle elevens utvikling i lys av opplæringsloven § 1-1 og generell del og prinsipp for opplæringen i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Dette innebærer at foreldresamtalen skal bestå av ulike elementer.»

Vidare heiter det i rundskrivet at samtalen skal klarleggja korleis eleven, skulen og foreldra kan samarbeide for å leggje til rette for eleven si læring og utvikling. Det inneber at partane drøfter korleis foreldra kan bidra og hjelpa eleven med skularbeidet. Bakgrunnen for det er ein intensjon om i større grad å involvera foreldra i eleven sitt læringsarbeid. Paragrafen gjev og eleven rett til å delta på samtalene frå fylte 12 år. Det betyr at etter at eleven har fylt 12 år, kan verken foreldra eller læraren nekte eleven å delta på samtalen. Det har samanheng med borns rett til å bli høyrte. Det er fastsett at også yngre born kan delta på samtalen. Det vil vera aktuelt der skulen og foreldra meiner det er hensiktsmessig. Den andre parten vil kunna nekte dette. Det vert understreka at det ikkje er krav i forskrifta om at foreldra skal få ein skriftleg rapport av innhaldet i samtalen. Foreldra vil få nødvendig informasjon munnleg og kan sjølv ta notat dersom dei måtte ynskja det.



7 - Vidare arbeid

Oppmoda rektor til å seia noko her, overlevering av stafettpinnen

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Granvin, 03.11.2011

Marita Velure Steine

Anne Karin Storstein Flatlandsmo



Vedlegg 1

Interne deltakarar:

Elevar; lik fordeling mellom gutar og jenter frå trinn. Elevrådsrepresentanten frå kvar klasse i tillegg til vilkårleg uttrekte jenter og gutar.

Tilsette; både det pedagogiske personalet og assistentane på alle klassetrinn.

Føresette; representerte ved dei faste medlemmene i FAU inkl. vararepresentantane.

Eksterne deltakarar: Vurderingsparet

Vedlegg 2

TIDSPLAN FOR VURDERING AV GRANVIN BARNE- OG UNGDOMS SKULE

Vurderingstema:

Klasseleiing; med fokus på relasjonar; i høve lærar/elev, elev/elev og heim/skule.

Vurderingspar: Marita Velure Steine og Anne Karin Flatlandsmo

TID	AKTIVITET	ANSVAR
August 2011	Granvin skule melder inn vurderingstema til vurderingsgruppa	Rektor
12.09.11	Første kontaktmøte mellom rektor og personalgruppa på skulen og vurderarane. Mål: Presisere temaet for vurderinga og vite meir om bakgrunnen for dette valet.	Vurderar og leiinga ved skulen
Veke	Vi får nyttig informasjon om verksemda; verksemdsplanar, heimeside etc. tilsendt av rektor.	Rektor
26.09.11 07.10.11	Vurderarane sender eit framlegg til glansbilete. Innspel på glansbiletet sendt frå skulen til vurderarane.	Vurderarane Rektor



Veke 41	Vurderarane sender inn kommentar på glansbiletet skulen har arbeidd med.	Vurderarar
Veke 42	Skulen gjev tilbakemelding på glansbilete. Utarbeiding av samtaleguidar for lærarar, assistentar, elevar og føresette. Planlegging av foreldremøte.	Rektor Vurderarar
Veke 44	<p>Måndag 31. oktober</p> <p>08.15- 08.30 Fast personalmøte på skulen, leia av rektor. Observasjon.</p> <p>08.30-09.00 Møte med leiinga</p> <p>09.00-09.45 Intervju 1.-4. klasse (8 elevar; 4 jenter, 4 gutar)</p> <p>09.45-10.30 Intervju 5.-7. klasse (6 elevar; 3 jenter, 3 gutar)</p> <p>10.45-11.30 Intervju 10. klasse (6 elevar; 3 jenter, 3 gutar)</p> <p>11.30-12.00 Pause</p> <p>12.00- 12.45 Intervju/samtale med fagarbeidarar/assistentar</p> <p>12.45- 13.45 Intervju 8. og 9. klasse (6 elevar; 3 jenter, 3 gutar)</p> <p>13.45- 14.00 Pause</p> <p>14.00- 14.30 Samtale med leiinga</p> <p>14.30- 14.40 Førebuing personalmøte/pause</p> <p>14.40- ca. 16.10 Personal møte med gruppesamtale</p> <p>19.00- 20.00 Møte med foreldra; 2 representantar frå kvar klasse</p> <p>Tysdag 1. november</p> <p>08.15- 08.30 Samtale med rektor/ leiinga</p> <p>08.40- 11.15 Observasjon i klassane/friminutt 1.-4. kl</p> <p>11.15- 12.00 Matpause - observasjon friminutt</p> <p>12.00- 14.30 Observasjon i klassane/friminutt 8.-10. kl.</p> <p>14.30-14.45 Pause</p> <p>14.45-15.45 Samtale med personalet</p>	Rektor Vurderarane



Onsdag 2. november 08.00-09.00 Samtale med leiinga 09.00-12.00 Observasjonar i klassane/friminutt 5.-7. kl 12.00-12.30 Pause 12.30-14.30 Observasjonar etter behov Analyse og vurdering. Rapportskriving. Torsdag 3. november 14.45 Framlegging av rapport for heile personalet, rådmann og ordførar er inviterte	
-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--

Vedlegg 3

Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen gav vurderarane diverse relevante dokument via tilgang til It's learning; til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga, nasjonale prøvar og organisasjonsanalysen.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine



planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldregruppe og tilsette.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med FAU; klassekontaktane med vararepresentantar.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosituasjon og for det vidare arbeidet som skal drivast ved skulen i etterkant av den eksterne vurderinga.

Observasjon

Me observerte undervisning i alle klassane.

Vedlegg 4

Samtaleguide elevar

<i>Personalet er tydelege og trygge leiurar</i>	<ul style="list-style-type: none">• Opplever du at lærarane/assistentane er positive og «ser deg» dagleg? Korleis/kvifor ikkje?
	<ul style="list-style-type: none">• Har dei vaksne oversikt over det som skjer på skulen, i timane og friminutta? I tilfelle nei, kva er det dei overser?
	<ul style="list-style-type: none">• Kva slags forventningar har læraren til deg?
	<ul style="list-style-type: none">• Kva type tilbakemeldingar får du på skulearbeidet og lekse di?
	<ul style="list-style-type: none">• Korleis får du lyst til å læra?
	<ul style="list-style-type: none">• Gje døme på dialog du har/kommentarar du får av dei vaksne:
	<ul style="list-style-type: none">• Opplever du at dei vaksne reagerer likt og held



	det dei lovar? Gje døme.
Elevane opplever eit læringsmiljø prega av emosjonell støtte	• Korleis vil du skildre tonen mellom dei vaksne og elevane?
	• Korleis viser du respekt for vaksne på skulen?
	• Korleis viser du respekt for medelevar på skulen?
	• Korleis blir god orden og åtferd kommentert av dei vaksne?
	• Viss du er dårleg eller har det vanskeleg, kva gjer dei vaksne då?
	• Har du vener på skulen som støttar deg? Korleis viser dei støtte?
	• Kva er det som skal til for at du skal føle deg trygg på skulen?
	• Kva snakkar de om heime når de snakkar om skulen?
• Gjev du ros og oppmuntring til dine medelevar? Gje døme:	

Spørsmål til dei føresette

Dei føresette opplever at heim-skulesamarbeidet er prega av openheit, trygghet og tillit	• Korleis vil de skildre samarbeidet mellom heimen og skulen?
	• Korleis vil de skildre dialogen mellom heimen og skulen?
	• Korleis kan de vera med å skapa gode relasjonar mellom skule og heim?
	• Gje døme på samtaleemne de har heime når de tar opp skulen som tema, positivt og negativt
	• Fungerer utviklingssamtalen slik de ynskjer? Fortel korleis de opplever kommunikasjonen med læraren på utviklingssamtalen.
	• Kva vil de helst diskutera på utviklingssamtalen?



	<ul style="list-style-type: none">• Er det låg terskel for kontakt med skulen i det daglege?
	<ul style="list-style-type: none">• Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til når det gjeld kommunikasjon med heimane:
	<ul style="list-style-type: none">• Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til
	<ul style="list-style-type: none">• Set opp punkt som de meiner Granvin skule er flink til



Spørsmål til dei tilsette	
A: Skulen er ein lærande organisasjon § 9a-3. Det psykososiale miljøet <i>«Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør</i>	<ul style="list-style-type: none">• På kva måte kartlegg og føl skulen opp det psykososiale miljøet?
	<ul style="list-style-type: none">• Har skulen ein mobbeplan? - i tilfelle ja, korleis blir den brukt
	<ul style="list-style-type: none">• Har skulen felles orden- og åtferdsreglar som blir handheva likt av alle? Døme?
	<ul style="list-style-type: none">• Kva trivselstiltak har skulen for elevane?
	<ul style="list-style-type: none">• Kva trivselstiltak er det for dei tilsette på skulen?• Ser du og anerkjenner du arbeidet til kollegaene dine? Døme?
B: Personalet er tydelege og trygge leiarar	<ul style="list-style-type: none">• Har de oversikt over kva som skjer i klassen? Kvifor/kvifor ikkje?
	<ul style="list-style-type: none">• Føler de at de har oversikt over kva som skjer i friminutta? Kvifor/kvifor ikkje?
	<ul style="list-style-type: none">• Kva gjer de for å oppnå gode relasjonar med elevane?
	<ul style="list-style-type: none">• Kva gjer de for å oppmuntra elevane til læring?
	<ul style="list-style-type: none">• På kva måte kommenterer de eller anerkjenner de arbeidet til den enkelte elev?
	<ul style="list-style-type: none">• Korleis formidlar de forventningane de har til elevane?
	<ul style="list-style-type: none">• I kva grad er de konsekvente med reaksjonar på brot av orden- og åtferdsreglar?
	<ul style="list-style-type: none">• Kva kommentarar gjev de på god orden og rett åtferd?• I kva grad held de lovnadar de har gjeve til elevane?
C: Elevane opplever eit læringsmiljø prega av emosjonell støtte	<ul style="list-style-type: none">• Gje døme på kommentarar, ros og oppmuntring de gjev elevane:
	<ul style="list-style-type: none">• Korleis vil de skildre dialogen mellom dykk og elevane?
	<ul style="list-style-type: none">• Korleis vil de skildre måten elevane snakkar til kvarandre på?



	<ul style="list-style-type: none">• Korleis vil de skildre dialogen mellom heimen og skulen generelt?
	<ul style="list-style-type: none">• Fortel korleis de opplever kommunikasjonen med heimen på utviklingssamtalen.
	<ul style="list-style-type: none">• Korleis byggjer de gode relasjonar med elevane?
	<ul style="list-style-type: none">• På kva måte gjev de elevane «pusterom» viss dei har det vanskeleg?
	<ul style="list-style-type: none">• Korleis lærer de elevane å respektera kvarandre og å gje positive tilbakemeldingar til kvarandre?
	<ul style="list-style-type: none">• På kva måte viser de at de respekterer elevane?

OBSERVASJON:

Oversikt over kva som skjer i klassen	
Oversikt over kva som skjer i friminutta	
Anerkjenner arbeidet	
Oppmuntring til læring	
Uttrykkjer forventningar	
Bevisst blikkontakt	
Stemmebruk	
Kroppsspråk	
Oppmuntring /ros	
Kommentarar på arbeid	
Dialog mellom elev-vaksen	
Dialog mellom elevar	
Elles	